

M Ø T E P R O T O K O L L

UTVAL: Kontrollutvalet
DATO: 18. januar 2018
TID: kl. 08.00 – 09.55
STAD: Vågsøy rådhus, ”Formannskromet”

DELTAKANDE I MØTET:

Kontrollutvalet: Inger Grethe Dalehamn, leiar
 Randi Husevåg, nestleiar
 Olav Gjesdal, medlem
 Jostein Mykland, medlem
 Klaus Iversen, medlem

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar

Kommunerevisjonen
i Nordfjord: Torill Monsen, revisor . Ikkje i sak 6.

Vågsøy kommune: Nils Myklebust, varaordførar

Fråfall:

Møtet var leia av: Inger Grethe Dalehamn, leiar

SAKLISTE

SAK 01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
SAK 03/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
SAK 04/18 MELDINGAR
SAK 05/18 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018
SAK 06/18 SAMANSLÅING AV REVISJONSEININGANE I SOGN OG FJORDANE
SAK 07/18 DELEGASJON
SAK 08/18 KONTROLL AV RAMMEAFTALE OM HESEVIKARAR

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/18	033	05.01.2018	18.01.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Ekstrasak 07 Delegasjon og 08 Kontroll av rammeavtale om helsevikarar vert å ta opp.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Randi Husevåg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/18	049	05.01.2018	18.01.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.11.2017.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.11.2017.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/18	033&58	05.01.2018	18.01.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vågsøy kommune si heimeside -

https://vagsoy.kommune.no/innsyn_pluss/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&Mid1=876&

Fellesnemnd Kinn kommune:

http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_flora/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=1795&

Møteprotokollar til gjennomgang

- Kommunestyret **14.12**
- Formannskapet **23.11 30.11**
- Helse- og omsorgsutvalet **21.11 28.11**
- Oppvekst- og kulturutvalet **21.11 28.11**

- Råd for funksjonshemma **27.11**
- Eldrerådet **27.11**
- Ungdomsrådet **29.11**
- Valstyret
- Viltnemnd **12.12**
- Arbeidsmiljøutvalet **28.11**
- Administrasjonsutval
- Sakkunnig nemnd eigedomsskatt
- Sakkunnig ankenemnd eigedomsskatt
- Fellesnemnd Kinn kommune **21.11**
- Nordfjord Havn IKS - styret **06.01 06.03 02.05 16.08 18.09 17.11**
29.11 (unnateke off. innsyn) **06.12**
- Nordfjord Havn IKS – havnerådsmøte **13.01 19.06 15.12**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/18	033/17	05.01.2018	18.01.2018	IBM

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.
2. Kontrollutvalet tek orienteringa frå siste møte i fellesnemnda av varaordførar Nils Myklebust til vitende.

Vedlegg

1. Møteprotokoll frå fellesmøte med kontrollutvala i Vågsøy og Flora 12.12.2017.
2. Kommunerevisjonen i Nordfjord v/ revisjonssjef Markvard Sunde: Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap. Datert 03.01.2018.

I møtet

Varaordførar Nils Myklebust orienterte frå siste møte i fellesnemnda for Kinn, og særleg om dette med kommunikasjonar som var oppteke der.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/18	033	05.01.2018	18.01.2018	IBM

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen i samsvar med framlegget.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2018 er det i tillegg til 18. januar sett opp møte 13. mars, 4. mai, 12.juni, 18. september, 6. november og 4. desember.

13. mars vert det fellesmøte med kontrollutvalet i Flora i Florø, i tillegg ordinært kontrollutvalsmøte.

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/18	026	11.01.2018	18.01.2018	JS

SAMANSLÅING AV REVISJONSEININGANE I SOGN OG FJORDANE

Kontrollutvalet meiner at det er dei som skal leggje saka fram for kommunestyret.

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret er av den oppfatning at omorganisering av det interkommunale revisjonssamarbeidet først bør gjerast gjeldande frå 01.01.2020 når ny kommunestruktur trer i kraft.
2. Dersom Kommunerevisjonen i Nordfjord likevel vel å gå saman med andre revisjonseiningar i Sogn og Fjordane frå 01.01.2019, kan kommunen gå inn for å fortsette med finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 (revisjonsåret 2019), med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i Kommunerevisjonen i Nordfjord. Vågsøy kommunestyre meiner at det nye interkommunale samarbeidet må organiserast som eit IKS.
3. Kommunestyret føreset at Kommunerevisjonen i Nordfjord og dei samarbeidande revisjonseiningane utarbeider eit konsept/revisjonseining som på pris og kvalitet kan konkurrere med andre alternativ.

Vedlegg

1. Kommunerevisjonen i Nordfjord, Samstyresak 05/2017 Omorganisering av kommunerevisjonen. Datert 19.10.2017. Motteke 25.10.2017.
2. Rapport om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei felles eining. Datert 15.09.2017. Motteke 25.10.2017.
3. Oversikt over kommunar sin kostnad til revisjon, utarbeida av Vest kontroll.

Saksopplysning

Dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane (Kommunerevisjonen i Nordfjord, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord og Sogn og Fjordane Revisjon) har, på eige initiativ, kome med ein rapport om samanslåing av einingane. Det er positivt at einingane sjølve tek initiativ og gjer eit slikt arbeid. Tidspunktet for oppstart, 01.01.2019, er ein derimot skeptisk til - grunna kommunesamanslåingane. Dette bør vere 01.01.2020, for tilpassing til ein ny situasjon.

Ein finn å gjere merksam på at det i rapporten er formelle feil/mistydingar, sjølv om desse har mindre verknad på denne saka.

Rapporten minner mykje om ei utgreiing av det totale kontrollsystemet framfor ei utgreiing om samanslåing av konkrete revisjonseiningar. Den kunne vore betydeleg kortare og meir konkret. På den måte ville utgreiinga ha vore betre tilgjengeleg.

I punkt 7.5. vert styringsgruppa sine tilrådingar summert opp. Konklusjonen er tilråding om eit interkommunalt samarbeid som er organisert etter kommunelova § 27 **utan** å vere eige rettssubjekt. Dette standpunktet til organisasjonsform er grunnleggjande, men det viser seg at grunnleggjande tilnærma ordrett er henta frå side 7 i «Utredning om sammenslåing av 4 av de 5 revisjonseiningane i Møre og Romsdal», datert 30. april 2014. I punkt 8 er Møre og Romsdal si utgreiing nemnd generelt under kjeldetilvisingar. Det er likevel ikkje forklart kvifor styringsgruppa fell ned på eit anna standpunkt, nemleg § 27-samarbeid i staden for IKS. Samanblandinga svekkjer argumentasjonen i noko grad revisjonseiningane sin rapport.

Dei viktigaste omsyna for kontrollutvalet er best mulig revisjon, ved at denne vert utført på ein trygg nok måte av uavhengige personar med rett kompetanse og at tenestene vert levert til rett/avtalt tid og til lågast mulig pris.

Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord har gjort slikt vedtak:

Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord sender denne saka til handsaming både i kommunane og i kontrollutvala i kommunane for vidare handsaming og vil komme med slik

Tilråding:

1.kommunane ser positivt på at dei tre interkommunale revisjonseiningane i fylket blir slått saman til ei eining. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, datert 15.09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.
2. Kwart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskott, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette vert dagens tre revisjonseiningar avvikla.
4. Dei tilsette sin rettar skal ivaretakast i tråd med kap. 16 i Arbeidsmiljølova om verksemdoverdraging, slik at dei tilsette må sikrast tilsetjing i den nye revisjonseininga, før det evt. vert lyst ut stillingar eksternt.
5. Dette vedtaket er gjort med atterhald om at dei andre deltakarkommunane i Kommunerevisjonen i Nordfjord gjer tilsvarende vedtak.»

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Fylkestinget, har gjort slike vedtak:

Frå kontrollutvalet:

- Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.

Frå Fylkesutvalet:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, dagsett 15.09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.
2. Kwart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit IKS, eller som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskott, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette blir dagens tre revisjonseiningar avvikla innan 31.12.2018. Det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med kapittel 16 i arbeidsmiljølova om verksemdoverdraging, slik at dei tilsette sine stillingar i den nye revisjonseininga vert sikra.

5. Dette vedtaket er gjort med atterhald om at dei andre eigarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

Kontrollutvala i Ytre Sogn og Sunnfjord har gjort slike vedtak/uttale (med unntak av at ei kommune har stroke pkt. 4)

1. Handsaminga i kontrollutvalet knyter seg til den delen av saka som gjeld kommunen si revisjonsordning.
2. Kontrollutvalet har ikkje merknader til «Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane til ei felles revisjonseining» datert 15.9.17.
3. Kontrollutvalet legg til grunn at selskapsendringa skjer innanfor same kostnadsråde som i dag, og skal gi revisjonstenester som i omfang og fagleg nivå vert minst like bra som no.
4. Utvalet legg vekt på at ei eventuell samanslåing ikkje inneber ei endring frå interkommunalt samarbeid til anna revisjonsordning. Dersom andre løysingar vert aktuelle, skal kontrollutvalet etter kommunelova handsame og innstille til kommunestyret i saka.

Kommunestyra i Selje og Vågsøy har vore positive til at denne utgreiinga vart gjort, men dei hadde og ynskje om at Kommunerevisjonen i Nordfjord også utgreia ei samanslåing med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Dette har samstyret avvist – noko dei har høve til.

Ein kan då slå fast at det ikkje ligg føre noko samanlikningsgrunnlag når kommunen (kontrollutvalet og kommunestyret) skal ta standpunkt til om dei vil ha revisjonstenestene frå den «nye» revisjonseininga i Sogn og Fjordane.

Om kommunestyret ynskjer ei utgreiing om å velje eit anna interkommunalt samarbeid for revisjonsteneste vil det ikkje skje i regi av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Det einskilde kommunestyre kan gjere eige vedtak for utgreiing om dei ynskjer alternativ til den «nye» eininga i Sogn og Fjordane.

Revisjon for kommunen kan skje på følgjande måte:

Revisjon i eigenregi inneber at kommunen tilset eigen revisor eller inngår eit interkommunalt revisjonssamarbeid (organisert som interkommunalt selskap eller interkommunalt samarbeid. For at ein avtale mellom kommunen og ei interkommunal revisjonseining skal oppfylle krava til eigenregi, må kommunen utøve ein reell kontroll over revisjonseininga (kontrollkriteriet). Revisjonseininga må også i all hovudsak drive sin aktivitet knytt til sine eigarkommunar (aktivitetskriteriet).

(Kjelde: Kontrollutvalsboka og Kommuneleva § 78 nr. 3 og 4)

Dersom Kommunestyret vel å konkurranseutsetje heile eller deler av revisjonen, skal kontrollutvalet gje innstilling om val av revisor til kommunestyret. Administrasjonen har ikkje høve til å innstille verken til val av revisjonsordning eller til val av revisor.

Lov og forskrift om offentlege anskaffingar gjeld for kjøp av revisjonstenester, dvs. når revisjonen ikkje blir gjort i eigenregi.

(Kjelde: Kontrollutvalsboka og Kommuneleva § 78 nr. 3 og 4)

Til vanleg er det å etablere eit selskap ei rådmanns-, formannskaps- og kommunestyresak. I ei sak som gjeld revisjonsordning og etablering/samanslåing av selskap/samarbeid vil det bli feil om etableringa og mange av premissane for revisjon vert lagt til dei som skal kontrollerast.

Kontrollutvalet bør som kommunestyret sitt kontrollorgan med på-sjå ansvar ovanfor revisjonen ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Det bør vere eit samarbeid i forkant av kommunestyret med rådmann og evt. formannskapet, før kontrollutvalet har siste ordet.

Årsaka til dette er å trekke parallellen til konkurranseutsetjing av revisjonen – kontrollutvalet skal gje innstilling til val av revisjonsordning.

For å forklare dette meir:

Ved konkurranseutsetting vert krava til revisjonen sette i konkurransegrunnlaget.

Ved revisjon i eigenregi vert store deler av krava til revisjonen sette i selskapsavtalen – og då bør kontrollutvalet, som er kommunestyret sitt organ for kontroll, stå for dei krava som vert stilte.

Etter kommunelova § 78 nr. 3 skal kommunestyret sjølv vedta val av revisjonsordning etter innstilling frå kontrollutvalet. Avgjerd om deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon kan ikkje delegerast. Sjølv om § 78 nr. 3 siktar mot prinsippvedtak i kommunestyret om kva for revisjonsordning kommunen skal velje, er det klare omsyn som talar for at **etablering av eit nytt og sterkt utvida interkommunalt samarbeid må vere førebudd og vedteke på tilsvarande måte.**

I medhald av det såkalla «på-sjå-ansvaret» i kommunelova § 77 nr. 4 har kontrollutvalet ansvar for å sørge for at kommunen har ein revisjon som oppfyller kommunestyret sitt vedtak. I dette tilfellet betyr det at det er kontrollutvalet sitt ansvar å på-sjå at det interkommunale revisjonssamarbeidet som er vedteke blir vidareført, om ikkje kommunestyret vel andre alternativ.

Det er og viktig at kontrollutvalet får fullmakt/pålegg frå kommunestyret om å inngå **samarbeidsavtale** med ein revisjon i eigenregi – dette for å vege opp mot krav som vert stilt i eit konkurransegrunnlag dersom revisjonstenesta vert konkurranseutsett. I ein samarbeidsavtale kan kontrollutvalet setje vilkår (bl. a. leveringsfristar, revisjonsrapportar) i tillegg til det som kjem i fram i lover, forskrifter og revisjonsstandarar, samt for å kunne foreta nødvendig på-sjå ansvar overfor revisjonen.

Fram til 31.12.2019 eller ferdig revisjon av rekneskapsåret 2019

Det er kun to år igjen før Vågsøy kommune skal slå seg saman med Flora kommune til nye Kinn kommune. Det er difor lite hensiktsmessig å gå ut av Kommunerevisjonen i Nordfjord no. At styret i kommunerevisjonen på sikt ynskjer å gå saman med andre revisjonseiningar i Sogn og Fjordane kan vere ei betre løysing, men om det er beste løysinga er vanskeleg å ha meiningar om. Kommunestyret har bede om å utgreie alternativ, men det ynskjer ikkje Kommunerevisjonen i Nordfjord. Det er underleg at Kommunerevisjonen i Nordfjord vel å satse kun på ei løysing, når to av kommunestyra (Vågsøy og Selje) har gjort vedtak om også å greie ut samanslåing med Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Som tidlegare nemnt bør oppstart vere 01.01.2020 og tilpassing av revisjonen til ny kommunestruktur. Det er likevel ein del punkt som bør oppfyllast før endeleg vedtak om samanslåing vert gjort, uansett kva tidspunkt for oppstart blir:

- Betalingsordninga: Revisjon av kommunen må ikkje bli dyrare enn i dag, men heller rimelegare på grunn av stordriftsfordelar. Saknar plan for dette i utgreiinga. Det går heller ikkje fram i rapporten korleis nødvendig nedbemanning / eller tilpassing i ny organisasjon skal gjerast – av noverande revisjonseiningar eller av det «nye» selskapet?
- Organisasjonsforma: Selskapet bør organiserst etter **lov om interkommunalt selskap (som IKS)** og ikkje som eit § 27 samarbeid. Dette fordi ein då har eit meir komplett lovverk for organiseringa, noko eit § 27 samarbeid ikkje er. Som samanslutningsform er det i all hovudsak IKS som eignar seg best som organisatorisk eining for interkommunal verksemd på revisjonsområdet. Om det likevel skulle verte valt eit § 27 samarbeid, må det i alle høve bli

organisert som eige rettssubjekt. Det er viktig at revisjonen er uavhengig – noko som kan vere vanskeleg om selskapet og tilsette vert for mykje avhengig/knytt til vertskommunen. Ein kan og nemne fare for vertskommunen sitt arbeidsgivaransvar for dei tilsette i revisjonen – noko som vil skje dersom selskapet ikkje er eige rettssubjekt. (I dag har Stryn kommune eit slik ansvar for tilsette i Kommunerevisjonen i Nordfjord).

- Styresamansetning: Kontrollutvalet sine medlemer og vara bør ikkje sitje i styrande organ i selskapet, då det skal vere klart skilje mellom kontrollutvalet sin bestillerfunksjon og revisjonen sin utførarfunksjon. Dette er ikkje oppfylt i dag når det gjeld Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Frå 01.01.2020 (Revisjonsåret 2020)

Det er viktig å presisere at kommunestyret i Vågsøy i dag ikkje kan inngå avtale med verknad frå 01.01.2020 (rekneskapsåret 2020), då det frå denne dato vert Kinn kommune (Vågsøy og Flora kommune). Det er grunn til anta at kommunestyret i dei to kommunane vil overlata til fellesnemnda å vedta revisjonsordning for den nye kommunen.

Kinn kommune (fellesnemnda/kommunestyra) har høve til å be om utgreiing eller søke seg inn i anna eksisterande interkommunalt samarbeid som t.d. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS eller kjøpe tenesta i marknaden (konkurransetsetjing).

Vert ikkje framtida si revisjonsordning avklara/avgjort i 2018 for Kinn kommune, må ein seie opp avtalen med kommunerevisjonen i Nordfjord/den nye revisjonseininga i Sogn og Fjordane før 31.12.2019. Oppseiingstid går ikkje fram i Instruks for samstyret, men i kommentarane til Kommunelova (Overå/Bernt) seier at oppseiingsfristen er 1 år (dei andre deltakarane kan bringe ei oppseiing inn for departementet).

For at den nye revisjonseininga skal vere aktuell må i alle høve følgjande som eit minimum oppfyllest:

- Betydelege betalings-/tilskotsreduksjonar (Det er eit tankekors når Ørsta kommune med 10744 innbyggjar har kr 534.639 i utgifter til revisjon medan Vågsøy med 6031 innbyggjarar betalar 732.000 og Flora med 11.999 innbyggjarar betalar kr 1.110.200. Gjeld rekneskapsåret for 2016. Tala er ikkje heilt samanliknbare – då det i Flora ligg betaling for tenester som kommunen kan få/får refundert frå andre). Viser til vedlegg 3 i saka.
- Prising etter den tid som går med må utgjere ein vesentleg del av betalingsordninga
- Uavhengigheit i høve til kontrollutvala (ikkje kontrollutvalsmedlemer i styrande organ i revisjonen)
- Uavhengigheit til kommunane bl.a. ved å helst etablere seg utanfor rådhusa
- Eige rettssubjekt
- Dokumentert kvalifiserte medarbeidarar

OPPSUMMERING

- Der er visse merknader til sakshandsaminga, jfr. ovanfor.
- Prinsippet om at ei sak skal opplyst så godt som muleg før avgjerd blir tatt bør gjelde også her. I den samanhengen er det ein del manglar.
- Det er bl.a. ein mangel ved utgreiinga at revisjonen ikkje utgreier eller nemner alternativ til samanslåinga i Sogn og Fjordane.

- Dei økonomiske tilhøva ved ei framtidig samanslegen revisjonseining er for lite belyst. For kommunane er kostnadsaspektet av vesentleg betydning og difor bør dette elementet gjerast til eit vilkår i vedtaket.
- Val av organisatorisk eining bør vere interkommunalt selskap (IKS) der både kommunar og fylkeskommune kan vere deltakarar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/18	033	15.01.2018	18.01.2018	JS

DELEGASJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet presiserer at det er leiar som skal møte på utvalet sine vegne i representantskap, generalforsamlingar og tilsvarende organ. Leiar kan delegere oppgåva til andre av utvalet sine medlemmer. Leiar kan og be kontrollutvalssekretariatet å møte.

Vedlegg

Ingen.

Saksopplysningar

Etter kommunelova § 80 siste lekk heiter det:

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.

Det vil ikkje vere praktisk at heile kontrollutvalet møter, men at denne oppgåva ligg til leiar av utvalet. Det bør også vere slik at leiar kan be andre møte på hennar/hans vegne eller ber om at fleire møter samstundes. Om ynskjeleg kan leiar også be kontrollutvalssekretariatet om å møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/18	040	17.01.2018	18.01.2018	JS

KONTROLL AV RAMMEAFTALE OM HELSEVIKARAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vil delta i kontrollen av rammeavtale om helsevikarar i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune ved å stille spørsmål til rådmannen. Jf. saksopplysningar og brevet frå fylkeskontrollutvalet av 17.01.2018, til rådmannen.

Vedlegg

Brev frå Fylkeskontrollutvalet i Sogn og Fjordane, dat. 17.01.2018 vedk. Kontroll av rammeavtale om helsevikarar.

Saksopplysningar

Viser til brevet frå Fylkeskontrollutvalet vedkomande kontroll av rammeavtale om helsevikarar.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune inviterer 12 kommunar til å gjennomføre ein felles prosess for å kartleggje og vurdere korleis rammeavtalen om helsesvikarar er inngått, blant anna med tanke på konkurransegjennomføring, forankring i kommunane, drøfting med dei tillitsvalde, krav for å hindre ureriøse aktørar i å delta i konkurransen, om avtale oppfølginga bidreg til å hindre sosial dumping.

Det går vidare fram at Fylkeskommunen sjølv er ikkje ein del av avtalen, og difor har det ikkje vore ein eigen forankringsprosess i fylkeskommunen. Det er den enkelte kommune som har ansvaret for regelmessige kontraktsoppfølginga. Det er såleis viktig at kontrollutvala i kommunane som har delteke stiller nokre spørsmål til rådmannen - jf. opplistinga i brevet.

Spørsmåla er som flg.

- Kva fullmactsstruktur har kommunen for å kunne bestille eller delta i rammeavtalar i regi av Innkjøpssamarbeidet i Sogn og Fjordane (SFFI)?
- Kva vurderingar vart gjort før ein bestemte seg for å være med på rammeavtale om helsevikarar?
- Vurderte ein å få ei politisk forankring før ein deltok i rammeavtalen?
- Korleis har kommunen vurdert drøftingspolkta med dei tillitsvalde, og når har ein gjennomført dette?
- I kor stor grad har ein nytta seg av rammeavtalen?
- Korleis er kommunen si kontraktsoppfølging av kontrakten med tanke på å motverke sosial dumping?

Møtet slutt.

Inger Grete Dalehamn
Leiar

Randi Husevåg
Nestleiar

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kommunerevisjonen i Nordfjord
Rådmann til orientering
Ordførar til orientering